



# UNIVERSITETET I OSLO

## EKSAMENSOPPGÅVE

### JUS3112 – Formuerett I

Haust 2023

Dato: 12. desember

Tid: 09:00-15:00

---

Advokatfirmaet Rikerud & Co var ein institusjon i Lillevik. Seniorpartner og dagleg leiar August Lauritz Rikerud hadde ein finger med i det meste som skjedde i næringslivet i Lillevik. Han var òg gift med den kjende kulturpersonlegdomen Martha Kirkerud. Saman kjende dei to ein svært omfattande krins av menneske, som omfatta dei fleste innanfor både politikk og kultur- og næringslivseliten i Lillevik og omlandet. Det var difor ei stor hending då firmaet skulle feire 100-årsjubileum den 3. juni 2023. Ein kunne vente eit stort utval av celebre gjestar fra både fjerne og nære strøk.

Peder Ås eigde det nystarta hotellet Lillefjord Hotell, og han såg dette som eit gyllent høve til marknadsføring. Hotellet låg naturskjønt til og hadde lagt seg på ein gjennomført dyr og eksklusiv stil, men det låg litt utanfor allfarveg og sleit med å få nok merksemd og kundar. Han tilbaud seg difor å arrangere heile jubileet for ein svært rimeleg pris, langt under det nokon av konkurrentane tilbaud. Under ei vakker vinterhelg i februar, der ekteparet Rikerud og Kirkerud fekk det aller beste av losji, mat og drikke på hotellet si rekning, var han òg heilt open om motivasjonen for å leggje seg så lågt i pris. Det vart på denne bakgrunnen inngått avtale om at Rikerud & Co skulle betala hotellet 450 000 kr for å arrangere jubileet. Dette dekte sjølve jubileumsarrangementet for 250 inviterte gjestar, og at advokatfirmaet skulle få disponere alle 40 romma på hotellet til partnarane i firmaet og enkelte spesielt inviterte og viktige gjestar som skulle overnatte. 250 000 kr skulle betalast på førehand. Ved ein feil hjå rekneskapsavdelinga i advokatfirmaet vart derimot heile summen innbetala til hotellet sin konto ei veke etter avtaleinngåinga.

Nokre veker før jubileumsfeiringa skulle finne stad, skjedde det ulykksalige at August Lauritz Rikerud fekk ei massiv hjerneblødning og døydde. Dødsfallet var eit hardt slag for advokatfirmaet, og det vart ikkje mindre då det kort tid etter vart avdekt at Rikerud over lengre tid hadde levd høgt på omfattande aksjehandel med midlar fra firmaet sine klientkontoar. Dette førte til store medieoppslag, noko som gjorde at advokatfirmaet følte behov for å halde ein låg profil. Det vart i siste liten bestemt å avlyse jubileumsfeiringa. Den 24. mai sende den nye daglege leiaren i advokatfirmaet, Lars Holm, ein e-post til Peder Ås med melding om at advokatfirmaet diverre fann det naudsynt å kansellere feiringa og avbestille arrangementet.

Peder Ås vart svært skuffa og svara med det same at ei avbestilling ikkje kunne koma på tale. Alt av mat, drikke og tilhørsle til arrangementet var kjøpt inn, alle førebuingane var gjorde, og ekstra personell var leigd inn. I tillegg viste han til at hotellet hadde ei stor eigeninteresse i at arrangementet vart halde som planlagt, og hadde investert mykje i dette.



# UNIVERSITETET I OSLO

I ein e-post nokre dagar seinare heldt Lars Holm fast ved kanselleringa, og han kravde no full tilbakebetaling av dei 450 000 kr som var betala. Martha Kirkerud hadde i mellomtida fortalt han om den fantastiske helga ho og ektemannen hadde hatt på Lillefjord Hotell. Overfor Peder Ås heldt Holm fram at når ekteparet Rikerud og Kirkerud var påspandert ei gratis helg i samband med at Rikerud inngjekk avtala på vegner av advokatfirmaet, lukta det av ei form for bestikking, noko som tilsa at avtala måtte reknast som ugyldig. I alle fall måtte dødsfallet og alt oppstyret rundt Rikerud sitt misbruk av klientmidlar både reknast som ein brestande føresetnad, og som eit seinare oppstått tilhøve som tilsa at det ville vera urimeleg å gjera avtala gjeldande. Subsidiært heldt han fast ved at det måtte vera høve til å avbestille mot erstatning, og heldt fram at det ikkje kunne krevjast noka erstatning ut over det avtala forskotet på 250 000 kr.

Peder Ås fekk no hjelp av kona si, som var advokat, til å setja opp eit brev som vart sendt veka etter at jubileumsarrangementet skulle ha vore halde. I brevet heldt han fast ved at det ikkje kunne gjelde noko høve til avbestilling i ei slik avtale som dette, og at han såleis hadde krav på det fulle vederlaget som alt var betala. I tillegg hevda han at den urettvise avbestillinga utgjorde eit misleghald og kravde 250 000 kr i erstatning for tap av marknadsføringsvinsten arrangementet ville ført til. Han viste til at dette tilsvara omrent den «rabatten» samanlikna med vanleg marknadspris som han hadde tilbydd for å sikre seg arrangementet. Subsidiært heldt han fram at det i alle tilfelle berre kunne vera høve til å avbestille mot erstatning. Dei 450 000 kr som han alt hadde fått, dekte ikkje meir enn utgiftene han alt hadde hatt til mat og drikke m.m., løn til ekstrapersonellet som han hadde leigd inn til arrangementet, og betaling for ledige rom som det ikke hadde vore mogleg å leige ut til andre på så kort varsel. I tillegg hevda han at òg kravet på avbestillingserstatning måtte inkludere tapet av marknadsføringsvinsten som hadde vore den primære motivasjonen hans for å inngå avtala.

Ås avviste på det sterkaste alle påstandane om at avtala var ugyldig. At han hadde tilbydd ekteparet Rikerud og Kirkerud ei gratis helg på hotellet, meinte han måtte reknast som ein heilt naturleg marknadsføringsframstøyt, i tråd med strategien som var motivasjonen hans for å inngå avtala. Det var absolutt ikkje noko uredelag ved dette. Avtala var i alle tilfelle svært gunstig for advokatfirmaet. Vidare heldt han fram at korkje dødsfallet eller dei avdekte tilhøva rundt Rikerud sine aksjehandlar kunne gje grunnlag for å gå frå avtala. Subsidiært, dersom avtala likevel skulle kunne reknast som ugyldig, avviste han at det gav grunnlag for å krevja tilbakebetaling av det avtala forskotet på 250 000 kr, sidan dette alt var brukt på innkjøp av mat og drikke til arrangementet og ulike førebuingar. Når det gjaldt dei siste 200 000 kr, kunne det ikkje i noko tilfelle gje gje grunnlag for tilbakebetaling at avtala var ugyldig. Betalinga hadde skjedd ved ein feil hjå advokatfirmaet, som han ikkje kunne lastast for. Sidan han i praksis hadde innretta seg ved å leige inn ekstra personell og avslå fleire bestillingar den same helga som jubileumsfeiringa skulle ha vore, og difor hadde gått glipp av inntekter han elles ville fått, hadde han heller inga vinning som kunne krevjast betalt tilbake.

*Ta utgangspunkt i påstandane til partane og drøft og avgjer alle spørsmåla oppgåva reiser.*

\*\*\*



# UNIVERSITETET I OSLO

Oslo, haust 2023

Ivar Alvik

Faglig eksamensleiar